

## Til eleven

### Orientering om særskild tilrettelegging av eksamen og klagerett

I forskrift til opplæringslova § 3-32 «Særskild tilrettelegging av eksamen» heiter det at

*«Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.*

*Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.*

*Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein kunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning. (...)*»

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor, kan du søkje om særskild tilrettelegging av eksamen dersom du meiner at du har behov for det. Dokumentasjon frå sakkunnig instans må vere lagt ved søknaden. Sakkunnig instans kan vere PPT, lækjar eller psykolog. Rektor gjer merksam på at eit eventuelt vedtak om at du får særskild tilrettelegging under eksamen vil gjelde både under sentralt gitt eksamen og lokalt gitt eksamen, men eit slikt vedtak gir ikkje rett til særskild tilrettelegging under prøver. Eventuell tilrettelegging i undervegsvurderinga gjennom året er læraren sitt ansvar, og tilrettelegginga må tilpassast til kva som er praktisk mogleg og til lengda på prøvene.

Vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen er eit enkeltvedtak etter forvalningslova og kan difor påklagast til fylkesmannen i Hordaland. Jf forvaltningslova § 28, 29 og 32. Klagen må setjast fram skriftleg og sendast eller leverast til skulen innan 3 veker etter at du har motteke svar på søknaden. Skulen vil deretter formidle klagen til fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans.

Vedlagt denne orienteringa er søknadsskjema for tilrettelegging av eksamen.

Med helsing  
Tertnes videregående skole

Stig Stordal  
Rektor

Vedlegg: Søknadsskjema

## Søknad om særskilt tilrettelegging av eksamen

<b>Skuleår:</b>	<b>Klasse:</b>
-----------------	----------------

Namn (fornamn og etternamn):	Fødselsnummer:
Adresse:	
Postnummer og stad:	
Mobiltelefonnummer:	

Fag	X	Tiltak for tilrettelegging
		Utvida tid
		Større skrifttype enn 12
		Opplesing av oppgåve
		Eige rom
		Tospråklege ordbøker
		Munnleg prøve i staden for skriftleg
		Kombinasjon av munnleg og skriftleg prøve
		Andre former for tilrettelegging

Dokumentasjon frå sakkunnig instans er vedlagt:	
---	--

Dato:

Underskrift:

